

## Norli Junior lesekonkurranse – informasjon til lærarar

### Kjære lærar!

Velkomen med i Norli Junior lesekonkurranse for 3.-7. klasse!

Lesekonkurransen er eit verktøy for å motivere barna til å lese, og erfaring frå tidlegare år viser at konkurranse fungerer. I 2017 deltok 33.000 elevar frå 1.700 klasser i konkurransen, og dei las over 70 millionar sider på 3 månader.

Mykje praktisk informasjon er å finne i eige skriv til foreldre og elevar. På lærarområdet ligg òg ein video med mykje nyttig informasjon til lærarane.

Dette skrivet inneheld tilleggsinformasjon som er spesielt relevant for lærarar.

Spørsmål kan sendast til [internett@norli.no](mailto:internett@norli.no).

### Viktige datoar:

**24. september:** Registrering og lesestart. Elevar kan registrere seg før denne dato, men sider registrert eller lese før 24. september tel ikkje.

**31. desember 2018:** Siste lesedag i konkurransen.

**2. januar 2019:** Siste frist for barna til å registrere sider lest i 2018.

**2. februar 2019:** «Barnas dag» vert halde i Norli-bokhandlar over heile landet.

Utdeling av pokalar, medaljar og bollar. Mange bokhandlar får besøk av forfattarar, som er med å heidre flinke lesarar.

«Barnas dag» er lagd til ein laurdag. Norli Junior lesekonkurranse har ikkje mandat til å leggja eit arrangement som omfattar fleire titusen av barn, til skuletida.

### Registrere klasser:

Lærarar melder på klasser på [norlijunior.no](http://norlijunior.no). Dersom ein lærar vil melde på fleire klasser, må læraren ha éin lærarkonto for kvar klasse. Same e-post kan nyttast på fleire lærarkontoar. Ei klasse kan berre ha éin kontaktlærar. Viss fleire har ansvar for ein og same klasse, må dei dele innlogging. Aldersblanda klasser skal registrerast på lågaste trinn.

Når læraren melder på ei klasse, får læraren ein firesifra klassekode. Denne finst på lærarområdet, og kjem i e-post du må stadfeste. Elevane legg koden til profilen sin, og vert automatisk kopla til klassa. Elevar som byter klasse, kan endre klassekode og «få med seg sidene sine» til den nye klassa, eller melde seg ut.

Nokre skular har e-postsperre for masseutsendt e-post. Om du ikkje får informasjon frå oss på e-post bør du endre e-postadresse, til dømes til ein privat gmail-adresse.

### Påmelding:

Det er fullt mogleg å melde på klasser etter at konkurransen har starta. Elevar kan ha utbytte av å delta – om det så berre er i éin månad. Alle klasser som les minst 800 sider per elev, får medalje.

Elevar må oppgje e-post og mobilnummer ved registrering. E-post vert brukt til «Gløymt passord». Bruk e-post som er hensiktsmessig for formålet. Mobilnummer bør vera til føresett eller lærar.

## Foreldreinformasjon:

Informasjonsskriv til foreldre er tilgjengeleg i eigen artikkel på [norlijunior.no](http://norlijunior.no).

## Få med fleire klasser på skulen!

Noko av det som motiverer elevane aller mest, er å samanlikna seg med andre klasser på skulen. Få med fleire!

## Oppgåvene til læraren:

Oppgåva til læraren er å kvalitetssikre og godkjenne elevane si lesing. Vi oppfordrar til at de ved starten av konkurransen understrekar tydinga av ikkje å juksa.

Læraren bør sjekke sidetalet elevane fører opp, og vurdere om dette verkar rimeleg. Viss elevar har ført opp bøker med over 1.000 sider, er det mogleg at det har kome eit siffer for mykje. Viss elevar har ført opp at dei har lese heile Bibelen, heile «Ringdrotten» på nokre få dagar, eller «Guinness rekordbok» frå A til Å – ta ein prat med eleven for å sjekka at dette er korrekt.

Klassestatistikken vert ikkje oppdatert før lærar har godkjent. Det er viktig for motivasjonen til elevane at læraren godkjenner ofte. Viss læraren er langvarig sjuk, overlatt til ein annan lærar å godkjenne. Kontaktperson for klassa kan endrast ved å sende e-post til [internett@norli.no](mailto:internett@norli.no).

**Bonus:** For å stimulera til lesing av bøker med mykje tekst, er det lagt inn ein bonusknapp. Elevar som les bøker med minst 27 linjer på ei vanleg side, kan visa boka til læraren, og læraren kan klikka på «bonus» ved sida av registreringa. Eleven får då 20 % ekstra sider for boka i klassestatistikken.

Læraren bør sikre at elevar veit korleis dei skal registrere bøker. Bøker kan registrerast både heime og på skulen, men første gong kan det vera ein fordel å gjera det med klassa.

## Kva kan lesast?

Elevar kan lesa det aller meste, både teikneseriar og bøker. Høgtlesing og lydbøker tel òg – inkludert lærar sin høgtlesing for klassa. Sjå detaljert oversyn i foreldreinformasjonen. Elevane bør lese bøker på nivået sitt. Teikneseriebøker skal registrerast som teikneseriar. Desse bøkene har vanlegvis lite tekst, så sidetalet vert justert ned i oppteljinga. (Delt på 2 for 3.-4. klasse, delt på 3 for 5.-7. klasse).

| Dette kan registrerast  | Dette skal IKKJE registrerast  |
|---|--|
| Bøker og e-bøker på alle språk – i alle sjangrar - inkludert fakta<br>Leksar: Skjønnlitterære leselekser i norsk, engelsk og andre språk (eventyr, historier)<br>Teikneseriar<br>Aftenposten Junior<br>Høgtlesing<br>Lydbøker | Leselekser i faktafag (naturfag, historie, religion osv.)<br>Vekeblad og andre aviser, enkeltartiklar på nett. |

### Registrering av bøker:

Elevar søkjer opp bøker med tittel. Dersom boka ikkje finst i basen, kan ein registrere boka sjølv. Eleven vel om det er ei bok, teikneserie/teikneseriebok eller lydbok.

Mange elevar med lesevanskar føretrekker å høyre bøker som lydbok/høgtlesing først, og lesa boka sjølv etterpå. Av omsyn til dette kan bøker registrerast ein gong som lydbok, og ein gong som bok.

Elevar som les same bok mange gonger, kan berre føra opp boka éin gong.

Elevar fyllar ut kor mange sider dei har lese. Dei kan registrere undervegs, og oppdatere etter kvart som dei har lese meir. For nokre bøker er sidetalet allereie ført inn, slik at dei kan velja «Las heile boka» når boka er ferdiglest.

Elevane vel ord som skildrar boka. Dei skriv òg ei kort melding, eller nokre kommentarar om kva dei likar ved boka. Læraren har tilgang til meldingane. Lesekonkurransen premierer gode meldingar.

### Lærarområdet

På lærarområdet har lærarar høve til å administrera klassa:

- Godkjenne og avslå leste bøker
- Sjekke lesinga til kvar enkelt elev
- Styre om elevane skal kunne sjå kor mykje dei andre i klassa har lese
- Gje bonus
- Endre e-post på brukarkontoen til elevane (for å løyse gløymt passord-situasjonar)
- Endre elevtal i klassa
- Melde elevar ut frå klassa
- Sjå alle bokomtalar som er skrive av elevane
- Sette og endre mål for klassa
- Skrive ut diplom som klassa oppnår
- Styre om elevane skal kunne vera med i Norli Junior-klubben (mogleg å få premie ved lesing av 3 bøker pr. månad – vert berre utlevert ved personleg oppmøte i Norli-bokhandel).

### Frivillig: Lærarar kan delta saman med klassa.

Lærarar som ynskjer å delta saman med klassa, kan gjera det.

- Læraren registrerer bøker på eigen profil, og må sjølv godkjenne bøkene sine. Når læraren har registrert minst éi bok på profilen sin, er han/ho påmeldt med klassa. Elevtalet vert justert automatisk når læraren registrerer lesing av bok.
- Ein lærar som har meldt på fleire klasser, bør velja kva for ein klassa han/ho eventuelt skal delta saman med.

### Resultattavler for elevane:

Elevane har tilgang til oversyn over kor mange sider kvar enkelt elev i klassa har lese. Dersom læraren ikkje ynskjer at elevane skal ha tilgang til dette oversynet, kan læraren skru av visinga på lærarområdet.

Elevane kan sjå korleis klassa ligg an på skulen, og i høve til landet totalt, klassetrinnet totalt og fylka totalt.

### Premiar og motivasjon:

- Alle klasser som les 3.000 sider per elev i gjennomsnitt, er med i trekning av hovudpremiene: Pizzalunsj med to av Noregs mest aktuelle barnebokforfattarar. To klasser vinn.
- Alle klasser som les 800 sider per elev, får medaljar.
- Klassa får diplom kvar gong ho når eit nytt nivå. Diplomet vert tilgjengeleg på lærarområdet, og kan skrivast ut derfrå. Klassa vert òg med i trekning av pokalar

| Nivå                | Diplom  | Premier   |
|---------------------|---|---|
| 800 sider per elev  |  Zombiediplom        | Medalje til alle i klassen                                    |
| 2000 sider per elev |  Turistdiplom       | Med i trekning av Turistpokalen                               |
| 3000 sider per elev |  Fotballdiplom     | Med i trekning av pizzalunsjer med to forfattere              |
| 4000 sider per elev |  Trolldiplom       | Med i trekning av Trollpokalen                                |
| 5000 sider per elev |  Astronautdiplom   | Med i trekning av Astronautpokalen                            |
| 8000 sider per elev |  Miljøvernerdiplom | Liten Miljøvernerpokal til alle klassene                      |
| Klassetrinnsvinner  |   | Beste klasse på trinnet i Norge får pokal                     |
| Fylkesvinner        |   | Beste klasse i fylket får pokal                               |
| 1. plass i landet   |   | Stor pokal til vinnerklassen; Norges råeste klasse til å lese |

Kun én pokal utdeles til hver klasse.



### Korleis motivere barna til å lese? Mål, konkurranse og positiv merksemd.

Elevane har tilgang til resultattabellar som gjer det lett å samanlikna seg med andre. På lærarområdet finst òg grafikk som viser korleis klassa ligg an – i høve til klassa sine eigne mål. Vi rår til at læraren viser resultatsida på skjerm i klasserommet ein gong i veka, slik at elevane kan følgja med på utvikling og måloppnåing.

De kan sjølv endre/sette mål. Det er lagt inn eit forslag på 215 sider per elev per veke, som er naudsynt for å verta med i trekning av pizzalunsj med forfattarar. Om elevane les i snitt 58 sider kvar i veka, er det nok til å få medaljar.

Hugs at læraren si høgtlesing i klassa kan førast opp. Læraren registrerer talet på sider eller minutt og talet på elevar som var til stades. Mange lærarar har gode erfaringar med å lese høgt i matpausen i byrjinga av konkurransen, slik at alle elevane får ein «kickstart» og får meir lyst til å lese vidare på eiga hand.

Mange barn vert motivert av positiv merksemd rundt lesing og leseprestasjonar.

Slik legg konkurransen til rette for positiv merksemd:

- Elevoversyn viser kor mykje kvar enkelt har lese.
- Nokre gode bokomtaler vil bli trekt fram, og annankvar veke deler vi ut ein premie.
- Alle bøker har si eiga bokside, der ein kan sjå vurderingane til elevane. Gode bokomtaler kan få mange «likes».
- Diplom når klassa når ulike mål.
- Det vert òg arrangert ein teiknekonkurranse relatert til bokunivers kvar månad. Vinnaren får eit gåvekort på 1.000 kroner.

Dette kan læraren gjera:

- Eige premiering.
- Involvere foreldre: Skape blest om lesing. Bokklubb og lesekveldar.
- Involvere bibliotek/skulebibliotek og/eller ordførar. Bibliotekekursjonar.
- Kontakte lokalpresse dersom klassa gjer det spesielt bra. I 2016 fekk mange av klassane som var best i fylket, oppslag i lokalpresse. Fleire fekk òg oppslag undervegs i konkurransen.
- Trykke elevar sine bokomtaler i skuleavis, eller henge opp i klasserommet.
- Overnatting på skulen med lesing – lesemaraton - bokkafé

#### [Vekas forfattar:](#)

I «Norli Junior lesekonkurranse» les elevane det dei sjølv ynskjer.

Konkurranse samarbeider i år med 13 norske, aktuelle barnebokforfattarar som vil blogge om forfattarlivet på [norlijunior.no](http://norlijunior.no) gjennom heile perioden.

Kvar veke vert det presentert ein ny «Vekas forfattar» – med video og ein kviss som ligg på lærarområdet. Mange av forfattarane vil vitja ulike stader i Noreg i løpet av lesekonkurranse, slik at det kan oppstå høve for elevane til å møte forfattarane. Vi varslar om slike høve på nettsida og tidvis i e-post til lærarane.

Lykke til!